

## Hjelpeverge

### **Kva er hjelpeverge:**

For ein person som ikkje lenger kan ivareta sine egne interesser vert det oppnemmt eit hjelpeverge. Hjelpeverget skal vere ein rettsleg og økonomisk forvaltar – utan at klienten blir gjort umyndig.

Eit hjelpeverge skal oppnemnast når verget vert hindra i å utføre pliktene sine. Det kan vere i ein periode, eller i spesielle saker. Dette kan og være naudsynt om ein ikkje veit kvar verjen er, eller om det er uråd å få varsla eller å kome i kontakt med vedkomande tidsnok t.d. i samband med rettsmøte.

Eit hjelpeverge har langt på veg same rettar og plikter som eit vergje ville ha hatt for den umyndige. Men det er ein vesentleg og viktig ulikskap: Klienten har framleis sin rettslege handleevne i behald etter oppnemning av hjelpeverge. Hjelpeverget utøver sitt verv som fullmektig for klienten.

### **Funksjonen til hjelpeverget:**

I samband med oppnemninga, skriv skifteretten eller overformyndieriet ut eit ”hjelpevergevedtak”. Dette vil være hjelpeverget sin legitimasjon i forhold til overda og bør alltid leggest ved i kopi til offentlege instansar eller andre når ein handlar på vegne av klienten.

Hjelpeverget sitt mandat (dvs. ei forklåring over kva oppgåver hjelpeverget har mynde til å utøve) skal gå fram av oppnemninga. Dersom oppnemninga ikkje klårt fastset kva som skal være hjelpeverget sitt mandat eller arbeidsområde, må hjelpeverget kontakte overformyndieriet for å få dette klarlagt.

Dei reglane som gjeld for vergje, gjeld også i stor utstrekning for hjelpeverge jfr. Lov om vergemål §90 c.

### **Ikkje-funksjon:**

Det er ikkje meinga at hjelpeverget skal erstatte det vanlige sosiale støtteapparatet til klienten som har til oppgåve å hjelpe til med deira daglege og enkle gjeremål.